

Reformasjon og kyrkjekamp

Då Den norske kyrkja utfordra tysk lutherdom¹

Egil Morland

Professor i teologi (homiletikk og kirkerett)

NLA Høgskolen, Norge

egil.morland@nla.no

During World War II the Church of Norway challenged the national Nazi government as well as the German Lutheran thinking about the relation between church and state. In theory the Lutheran churches in Germany did acknowledge the traditional teaching of the «two regiments», which implies that »our teachers discriminate between the duties of both these powers» (CA 28), but the church's duty to warn the worldly authorities to rule in a just way was obscured by the notion that the state was entitled to a law of self-autonomy (Germ.: *Eigengesetzlichkeit*). In the confession of the Norwegian church – the *Foundation of the Church* (Norw.: *Kirkens Grunn*) – the emphasis in the reading of Romans 13 was on the limits to the Christians' obedience to the state, not on the unconditional obedience.

Key words: State and church, World War II, the two regiments, Romans 13, the Christians' obedience to the state, Lutheran theology.

- *Den norske kirkes relasjon til staten er i grunnleggende endring. Det har skjedd før! Fra påsken 1942 til fredsvåren 1945 var statskirken i realiteten en fri folkekirke.*
- *Dragkampen om kirkens ordning etter krigen endte likevel med at erfaringene fra denne perioden ble satt i en parentes, og et sårbart system, bygd på intensjonen om tillit mellom kirke og stat, ble ført videre eller etablert på nytt.*
- *Nå er dette systemet under avvikling. Men de fundamentale utfordringene for kirkens framturen og forkynnelse er de samme som før.²*

Fleire gonger dei siste åra har den første utsegna ovanfor, som ikkje er ein påstand, men eit faktum, nemlig at Den norske kyrkja var ei fri folkekyrkje i drygt tre år under andre verdskrigen, blitt møtt med forundra interesse hos kollegaer i våre nordiske folkekyrkjer: den vanlege reaksjonen har vore: - *Det har vi aldri høyrte noko om! Det har vi aldri visst!*

Dei historiske rammene for det som fylgjer, er kort fortalt: Då Tyskland invaderte og okkuperte Norge 9. april 1940,

var også kyrkja dårleg førebudd. Kyrkja hadde heller ikkje nokon høg *standing* mellom dei som talde i samfunnet. Men det skulle endra seg i krigsåra.

Etter den store kyrkjestriden, frå ca. 1900 – ca.1930, var kontakten på tvers i kyrkja dårleg. Det var derfor ein sensasjon at biskop Eivind Berggrav og professor Ole Hallesby stod saman om eit opprop til det norske folket hausten 1939.³ På slutten av oktober 1940 kom den første kyrkjelege samlinga i gang.⁴ *Kristent Samråd* (KS) blei det forumet som la opp

strategiar for korleis kyrkja skulle stå imot presset frå Nasjonal Samling sitt kyrkjedepartement.

I byrjinga av 1941 sende KS ut sitt berømte *Hyrdebrev*, der ei heil kontrovershistorie med makthavarane blei offentleg kjent. Om lag halvparten av opplaget blei konfiskert, men dokumentet blei likevel spreidd og lese opp i dei fleste kyrkjene. Alt på dette tidspunktet var preikestolane det frie ords siste og einaste representant for sivilsamfunnet, som no blei nazifisert og organisert etter førarprinsippet.

Etter at Vidkun Quislings kupp i april 1940 vart hindra, gjekk NS-styret gjennom fleire fasar, med eit høgdepunkt då Quisling 1. februar 1942 vart gjort til Ministerpresident. Dette vart markert ved ei såkalla festgudsteneste i Nidarosdomen same dag, med solkorset, hirduniformer og norske flagg som «pryd» kyrkja under gudstenesta. Folket blei hindra i å koma inn til ei hemmeleg tillyst ekstragudsteneste ved domprost Fjellbu – som vart fråteken den ordinære gudstenesta – om ettermiddagen. Reaksjonen på kyrkja sine protester var at Fjellbu vart avsett.⁵

Quisling vedtok straks to lover som opprørte folket, og kyrkja på folket sine vegner: *Lov om Norsk Lærersamband* og *Lov om Nasjonal Ungdomstjeneste*. Biskopane reagerte på dette 24. februar 1942, då dei la ned sine statlege embete. Arbeidet med *Kirkens Grunn* (KG) blei intensivert, og offentleggjort i dei fleste kyrkjer påskedag 5. april 1942. På denne *bekjennelse og erklæring* la meir enn 92 % av prestane samstundes ned embeta sine, men heldt fram med presteteneste som før.

Frå påsken 1942 og til slutten av krigen vart kyrkja og prestane til dels hardt forfylgde. Grovt sagt kan vi seia at om lag 25 % av prestskapet anten vart strengt forhørde, forviste frå prestegardane, fengsla eller internerte. Nokre få vart

sende til konsentrasjonsleirar i Tyskland. Tre prestar i teneste miste livet.

Berre dei som hadde skrive under på KG blei godtekne som prestar etter krigen; dei som ikkje gjorde det, vart avsette, og – eit mykje underkommunisert faktum – nye kandidatar vart ordinerte på denne vedkjenninga sin grunn etter krigen. Kirkens Grunn var, for ei tid, blitt ein del av ordinasjonsgrunnlaget i Den norske kyrkja.

Den tunge arven

Det fortener faktisk både undring og beundring at noko slikt – etablering av ei fri folkekyrkje – kunne skje. Kyrkja hadde med seg ein tung arv statskyrkjeideologi, delvis pervertert ved det at delegasjonen av makt frå kyrkje til fyrste av rein naud blei rangsnudd den andre vegen i tida etter reformasjonen. Confessio Augustana artikkel 28 sitt krav om at det måtte ryddast opp i tilhøvet mellom åndeleg og verdsleg makt, mellom det åndelege og det verdslege regimete eller mellom Guds ordinans og Kongens,⁶ var spesielt i dei tyske og nordiske folkekyrkjene forkludra ved at fyrsten forstod rolla si som summus *episcopus*.⁷ Når dette då ikkje lenger vart grunngeve i hans tenande rolle som kyrkjemedlem, men i hans uan-griplege majestet, måtte det gå gale.

Vi kan samla dei utfordringane kyrkja stod oppe i under krigen i eitt spørsmål: Skal kyrkja forkynna Guds lov (her forstått som lovens første bruk, som *legis usus politicus*) for verdslege styresmakter? Det blei gitt ulike svar på dette spørsmålet. Og dei dårlegaste kom frå reformasjonens heimland, Tyskland.

Etter tradisjonell luthersk lære styrer Gud verda på to måtar, eller gjennom og ved hjelp av to «regiment». Den verdslege styresmakta rår over den fysiske makta, eller «sverdet», som ho ifølge Bibelen ikkje ber «utan grunn».⁸ Allmenne lover,

så vel som politimynde og militærvesen, er ein del av dette «sverdet». Prinsipielt sett skal altså den verdslege styresmakta også vera ein reiskap for Guds vilje.

I det åndelege regimentet styrer Gud gjennom kyrkja eller ved Guds ord. Kyrkja rår berre over Andens, eller Ordets, sverd.

Det at utgangspunktet for bruken av begge «sverda» er *i Gud*, gjer at ingen av regentane er maktfullkomne eller suverene. Etter luthersk lære står dei begge, kyrkja og staten, under ein høgare autoritet enn seg sjølv, anten denne autoriteten vert kalla Gud eller ganske enkelt *Retten*. Den makt som er tiltrudd det fysiske sverdet – staten – må kunne gje handlingane sine moralsk legitimitet. Ikkje berre ei diktatorisk, men også ei demokratisk vald makt kan gå bort frå retten, og bruka makta anten på ein vilkårleg eller direkte vond måte.⁹ Då er det etter luthersk lære kyrkja si oppgåve å ropa makta tilbake til retten.

Krigssituasjonen, okkupasjonen og det nasjonalsosialistiske styret utfordra nok og aktualiserte i seg sjølv kyrkja sin relasjon til den verdslege styresmakta, ikkje minst på grunn av statskyrkjeordninga. Men det som utløyste kyrkja sin motstand var at Staten etter kvart overskreid mandatområdet sitt og truga rettstryggleiken i samfunnet. Dét aktiverte regimentslæra og gjorde den til ei dynamisk kraft i oppgjeret med regimet.

Det er etter luthersk syn ein *allmenn* appell i dette maktfordelingsprinsippet, i alle fall for det som gjeld statens mandat. Grunnen til det er at denne tenkinga skil mellom eit *naturleg* (dvs. alminneleg), i samvita intuitivt tilgjengeleg rettsmedvit, og ei *spesiell* (dvs. ved Guds Ord) openberring. Desse dreg ikkje i ulike retningar. Den siste stadfester den første (jfr. Rom 1,19). Og det set også grenser for statens maktutøving.

Det hende noko med forståinga og bruken av den lutherske to-regimentslæra i mellomkrigstida. Tonegejvande lutherske teologar i Tyskland gjorde skiljet mellom regimenta så absolutt at dei liksom opererte ut frå ei eiga norm (Ty.: *Eigengesetzlichkeit*). Statsstyret hadde – også etter dette synet – sjølvsgitt eit mandat frå Gud (jfr. Rom 13), men det følgde sin eigen etikk.¹⁰ Kyrkja hadde ikkje innsikt i politikkens lover. Dét hadde til følge at både etisk rettleiing og kyrkja si profetiske rolle i samfunnet blei forsømt, noko som i neste omgang resulterte i eit statisk syn på dei såkalla «ordningane». Merk altså: Formelt sett heldt ein framleis fast på to-regimentslæra. Men læra var stort sett blitt kraftlaus for det som gjaldt det verdslege styret.

Dette førte også til at den kyrkjelege, etiske beredskapen overfor den nasjonalsosialistiske staten stort sett ikkje henta næring frå lutherdommen. Vedkjenningskyrkja i Tyskland søkte grunngeving for motstanden mot naziregimet i ein annan teologisk tradisjon. Den såkalla Barmen-erklæringa (1934), som i si grunntenking er meir reformert enn luthersk, er då heller ikkje orientert ut frå ei lære om eller ei oppdeling i eit åndeleg og eit verdsleg regiment, men ut frå Jesus Kristus som Guds *eine* ord til menneska.¹¹ I denne tradisjonen får ikkje lova ulike slags «bruk», som i luthersk teologi, men det å følgja den (lova), blir menneskets svar på bodskapen om evangeliets nåde.

I Norge blei dette annleis. Her ble dei konkrete utfordringane som krigen førte med seg ein anledning til først å tenkja gjennom, for deretter å ny-tolka og aktualisera det lutherske lærestykket om regimenta. I vedkjenningsdokumentet *Kirkens Grunn* krinsar alle paragrafane rundt desse to brennpunkta: For det første rettens forankring i ein overordna norm

(sanninga, «rettferd og fred»), og for det andre i kyrkja sitt ansvar for å forkynna Guds ord både som lov og evangelium. I det siste ligg også kyrkja sitt mandat til å tale sine døypte medlemmers sak, og forsvare foreldra sin gudgjevne rett mot statlege styresmakters overskriding av eige mandatområde, slik det skjedde i lova om nasjonal ungdomsteneste. Den utfordra foreldra sin rett i oppsedinga av borna.

Kampen for retten

Det var særleg Eivind Berggrav som kom til å prega kyrkja si tenking og som la grunnmuren under hennar ideologiske motstandsevne i krigsåra. Hans fokus var styresmakta si forplikting på *Retten*. Da Høgsterett la ned verva ved årsskiftet 1940/1941, var det ikkje lenger nokon uavhengig rettsleg instans å støtta seg til i Norge. Då var det også slutt på håpet om at *Nasjonal Samling* (NS) ville respektera norsk rett, eller at okkupasjonsmakta ville handla i samsvar med internasjonale konvensjonar.

5. februar 1941 var Berggrav invitert til å halda føredrag om «Religion og rett» i juristforeininga. Då hadde han nett levert eit av dei viktigaste aktstykkja i kyrkjekampen, *Hyrdebrevet*, til trykking. Den situasjonen kyrkja no var komen opp i, tvang fram ei gjennomtenking av to-regimentslæra og lydnapplikta mot styresmaktene. For Berggrav førte dette også til ei fornøya tenking om *Staten*. Det var derfor ikkje tilfeldig at han inkluderte sine to berømte foredrag – *Religion og rett* og *Når kusken er gal* – som eit tillegg i boka *Staten og mennesket*, som han skreiv da han på eit seinare tidspunkt var internert. Det er ein grunntanke hos Berggrav at retten må reflektere ei etisk haldbar tenking om makt og makta sin legitimitet og kompetanseområde, og om eit mynde som var basert på tilslutnad, og

ikkje på tvang av undersåttane.

Berggrav avviser alle romantiske draumar om at det er mulig å få ein feilfri, kristen, stat. Men valet mellom staten som demon og staten som venn er lett, siterte han med tilslutnad. Kva er det då som gjer at totalitære regime, som totalt er dominerte av maktbrynde og maktmisbruk, har fått veksa fram nettopp i denne tida? Berggravs svar er at det ideologiske grunnlaget for denne tilstanden rett nok har vore der like lenge som lutherdommen. Men merk: Dette er ideal som ikkje kjem frå Wittenberg eller Luther, men frå Florenz (Firenze) og Machiavelli. Han nemner spesielt to prinsipp i Machiavellis bok *Il principe*.¹²

Det første er statsmakta og politikken suverenitet: Politikken er heva over moralen. Staten bør sjølvst, slik den forventar av alle innbyggjarane sine, følgja moralske reglar og halde lovnadene den har gitt til folket. Men berre så lenge det er føremålstenleg. For i prinsippet kan staten skapa sin eigen moral og rett, seier Machiavelli.

Det andre er at det faktisk er i statens interesse å halda oppe ein moral i folket som staten sjølv i prinsippet er heva over.¹³ For det sikrar eit *tilsynelatande* felles referansegrunnlag for styrande og undersåttar. Frivillig tilslutning er alltid betre enn tvang. Men kan ein ikkje halda oppe illusjonen om at staten er styrt etter dei same prinsippa som forpliktar folket, vil staten kaste maska og gå fram akkurat så omsynslaut som nødvendig er for å halde på makta.

Imot denne tankegangen, som har sett så sterke spor i europeisk politikk, set Berggrav ein overordna, gudgitt naturrett og internasjonale avtalar. Han vil ikkje ha teokrati, men hevdar at det er politikken lausriving frå gudstua og som ein følgje av det: politikken forankring i og orien-

tering ut frå mennesket sjølv, som nødvendigvis må føra til konflikt mellom moral og politikk, og dermed til forneking av ein objektiv, gyldig rett.¹⁴

Kirkens Grunn – oppløpet

Det var det som hende i Nidarosdomen 1. februar 1942, då NS-kyrkja etter sentrale direktiv «overtok» gudstenesta, som var den konkrete grunnen til at biskopane tre veker etterpå (24. februar) la ned embeta sine. Samtidig blei arbeidet med *Kirkens Grunn* (KG) fullført, eit dokument som blei det vedkjenningsmessige grunnlaget for prestane si embetsnedlegging påskedag 5. april. Eller, formulert positivt: Det var berre på dette grunnlaget dei hadde frimot til å halde fram med tenesta si som prestar, frie frå sine statlege plikter. Biskopane formulerte det slik: «Hva staten har overdratt meg, leverer jeg fra meg. Den åndelige gjerning og myndighet som er gitt meg ved ordinasjonen ved Herrens alter, er fremdeles min med Gud og med rette.»¹⁵

Eitt år etter utsendinga av Hyrdebrevet ramma altså det statlege overgrepet sentrum i kyrkja sitt liv, nemleg den offentlege forkynninga. Det var den utløysande årsaka til den viktigaste hendinga i kyrkja sitt forhold til okkupasjonsmakta: embetsnedlegginga. Ved det høvet viste biskopane til Grunnlova (§ 4), og hevda at «den statsleder som overhodet har noe med gudstjenesten å gjøre, [...] skal [...] *håndheve og beskytte denne.*» (deira *uth.*). Dermed blei Kongens rettslege prerogativ snudd tilbake som eit sakleg krav mot dei som hevda (altså: Nasjonal Samling) å ha ein slik styringsrett i kyrkja.

Uansett korleis teologane i kyrkja elles forstod omfanget av kyrkjeretten sitt guddommelege innhald, det som blir kalla *ius divinum*: i dette stod dei saman. Dei

kunne vera ueinige om korleis omfanget av «det guddommelege» i kyrkjeretten – det som suverent måtte høyra til kyrkja sin egen jurisdiksjon – skulle forståast.¹⁶ Men no var det det aller mest sentrale det blei rørt ved. Det som hadde skjedd, var eit hogg mot alteret: «Menighetens høymesse med tilhørende altergang er en sentral og grunnleggende del av menighetens gudstjenestlige liv», skreiv biskopene i erklæringa si om embetsnedlegginga.¹⁷

I eit brev sommaren før (12. juni 1941), formulerte biskopane denne saka heilt tydeleg:

*Det forhold som ved ordinasjon er fastlagt mellom biskop og prester og menigheter er et uttrykk for kirkens suverene myndighet i alt det som bekjennelsen betegner som de innerste hellige ting. Dette er det av alle anerkjente og eneste mulige grunnlag hvorpå en evangelisk-luthersk kirke har et forhold til den stat som på folkets vegne ordner med de ytre ting i folkets kirke.*¹⁸

Biskopane kunne ikkje medverke i ein administrasjon som «uten spor av kirkeleg grunn krenker menigheten og endog legger urett til vold.»¹⁹ I dette tilfellet hadde statsmakta brukt tvang mot kyrkja og politiske NS-symbol var ført inn i kyrkja. Tiltaka var heller ikkje drøfta med biskopane, som etter dokumentert sedvane skulle høyrast i alt som hadde med kyrkja sitt indre liv å gjera, og kyrkjelydens rettmessige prest var med politimakt halden borte frå gudstenesta.²⁰

Kyrkja sin kamp under krigen hadde altså to brennpunkt. For det første: Rettsstilstanden og overgrepa som NS-regimet var ansvarleg for, rettsløysa ved «hirdens programatiske voldsfremferd», og inngrepet i prestane si rettsleg beskytta teieplikt, som er nemnt i brevet.

Dette var det eine brennpunktet i kyrkje-

kampen: *Kampen om retten*. Det andre brennpunktet var: Kampen om *forkynninga*.²¹

Embetsnedlegginga påskedag 5. april 1942 skuldast det som hende i Nidarosdomen, utestenging av kyrkjelyden og – umiddelbart etterpå – avsetting av domprosten.

Dermed var forkynninga av Guds ord hindra.

Kirkens Grunn – kort om innhaldet

I *Kirkens Grunn* protesterer kyrkja på at NS-staten vil «revolusjonere» borna og dei unge sine sinn og innføra «en ny livsanskuelse» som er framand for kristendommen. Kyrkja tek eit oppgjør med den tvungne nazistiske barneoppsedinga (art. IV). Ho vender seg mot makthavarar som ut frå politiske omsyn vil ta frå ordinerte prester retten til å utføra tenesta si med ord og sakrament (art. II). Ein protesterer på at ekspedisjonssjefen i Kyrkjeavdelinga i departementet vil at prestane sine standpunkt til dei politiske spørsmåla i tida skal vera «avgjørende for om de blir gitt embete i evangeliets norske kirke». *Kirkens Grunn* slår til mot ein politikk som fører til at menneske «blir forfulgt og plaget for sin overbevisnings skyld» og utsett for «voldelig samvittighetspress» (art. III). I dokumentet siterer ein også fråsegner frå minister Gulbrand Lunde og ministerpresident Vidkun Quisling som dokumenterer ein ideologi og ein politikk som er uakseptabel for kyrkja (art. V og VI).

Til slutt oppsummerer *Kirkens Grunn* sin kritikk av okkupasjonsmakta, og spesielt av NS' kyrkjepolitikk, ved å seia: «Det som har hendt i Norge etter 25. september 1940 og særlig etter 1. februar 1942 og som foreligger som begivenheter og aktstykker, har tvunget oss til å legge fram denne vår bekjennelse om kirkens grunn.»²²

«Staten er kirken» – kampen om statskyrkja

Etter luthersk kyrkjerettslære kviler fyrstens (statens) makt i kyrkja ikkje primært i den styrande si makt, men i hans *dåp*. Konsekvensen av eit slikt prinsipp skulle vera at det er kyrkja som kan trekkja attende den delegasjonen av styringsmakt som ho ein gang, og av ytre, tvingande omstende, gav frå seg.

I sak hadde Berggrav dette aspektet med i boka *Kirkens ordning i Norge*. Han skriv der at *Kirkens Grunn* set ein ny kyrkjerettsleg standard i Norge. Han gjer det ved å gå tilbake til 1537, altså ikkje til kyrkjeordinansen, men til det som førte til at erkebiskop Olav Engelbrektson gav opp Noreg som katolsk land: «Den periode som ble innledet i 1537 varer til 1942 ... staten hadde kirken i sin hule hånd». Men i 1942 «ble kirken for første gang siden 1537 tvunget til igjen å trekke opp skillet mellom kirkens grunn og statens. Det ble åpenbart for alle at kirkens siste basis ikke er staten.»²³

Til hans eige store vonbrot tok ikkje stat og kyrkje etter krigen imot invitasjonen om å få ordningar som svara til den trong livet sjølv hadde dokumentert. Med hans eigne ord: Då det stod om «å la en fødsel bli naturlig fullbyrdet eller ikke».

For å forstå dette må vi gå eit drygt ti år tilbake, til ein heftig debatt Berggrav hadde med kontorsjef Oftenæs i Kyrkje-departementet i 1932, der temaet var om biskopens kollasbrev hadde ein sjølvstendig rettsleg betyding. På Berggravs initiativ uttalte Bispemøtet at «en prest i vår kirke etter historisk tradisjon og gjeldende kirkerett ikke rettelig kan tiltre sitt embede uten å ha fått biskopens kollats; det må derfor anses uhjemlet efter gjeldende kirkerett og alterbok at departementet lar en prest innsette sig selv uten kollats.»²⁴

Dette tok Berggrav opp i ein artikkel i *Kirke og Kultur*, der han gjekk til felts mot at «de kirkelige handlinger» (ordinasjon og kollas) «nærmest [blir gjort] til automatisk-kirkelige konsekvenser av en statshandling».²⁵

Men etter Grunnlova er begge suverenitetar, folkesuvereniteten og trussuvereniteten, representert av Kongen. Stortinget er i Grunnlova sjølv sett utanfor i religionens indre ting: «Herom er *alle* norske statsrettslærde enige», skriv Berggrav. Biskopane er innsette av Kongen, men for å sikre at *han* fyller Grunnlovas forplikting, har han delegert eit sterkt sakleg mynde til biskopane sine *embete*.²⁶

Statskyrkja sine grunnlovparagrafar viser at det finst ein *jus in sacris*, skriv Berggrav vidare, der Kongen utøver forvaltninga i kraft av Grunnlova direkte, og ikkje i kraft av det borgarleg valde stortinget. Han viser her til reformasjonens og Luthers ord om to slags suverenitetar. Dette blir illustrert ved at vegen til prestenesta er markert ved to handlingar: Utnemning og ordinasjon. Ordinasjonen er forordna av Kongen – men på grunnlag av ei plikt som står over både han og kyrkja og staten. Altarboka er rett og slett *lov*. Og det er til Kongen som grunnlovsfesta kyrkjeinstitutt at biskopen har ein relasjon, ikkje til Stortinget eller til eit departement.

Kva så om det blir konflikt og stillingskrig? spør Berggrav, og han svarer sjølv (merk: dette var i 1932): Handlar Kongen «i en sak av central kirkelig betydning stikk imot samtlige sakkyndiges votum – jeg forutsetter både saklig og samvittighetsmessig begrunnede votum – er det ikke annet enn grunnlovsbrudd og revolusjon. Det får man diskutere når ikke bare fantasien foreligger».

Sluttord

For å gjera ein lang historie kort: Det er dette «grunnlovsbrudd og revolusjon» som i realiteten skjer under krigen. Då Berggrav i 1954 kom ut i hard debatt med juristen Frede Castberg, som i ei utgreiing om kor vidt regjeringa hadde plikt til å spørja kyrkja om råd i viktige saker – og svara nei på det,²⁷ uttalte Berggrav: «Det første som slår meg ... er at viss denne avhandling hadde foreligget før okkupasjonen, så ville Den norske kirkes kamp i denne epoke vært umulig.»²⁸ Gjennom tre tiår, 1930, -40 og -50-åra, går det altså ei linje, der anerkjende norske og nasjonalsinna juristar, med stor tillit i det norske establishment, i sin argumentasjon seier det same som NS-kyrkja sa: I ein sum hevda dei alle at kyrkja berre er ein funksjon av statsstyret, uttrykt i den pregnante setninga: «Staten *er* kirken», først formulert av Castberg i 1953 og seinast hevda i Lagmannsrettsdommen mot Børre Knudsen i 1982.

Det var denne ideologien kyrkja tok eit oppgjær med under krigen. Art V i KG:

«[V]år kirkes bekjennelse gjør klar forskjell på de to ordninger eller regimenter: den verdslige stat og den åndelige kirke. Det er Guds vilje at disse to slags regimenter ikke skal blandes opp i hverandre. Begge skal – hver på sin måte – tjene Gud i folket. De har hvert sitt tydelige kall fra Gud. Det er *kirkens* kall å forvalte de evige goder, og la Guds ords lys falle over alle menneskelige forhold. Om *statens* kall uttaler vår bekjennelse at staten ikke har noe med sjelene å gjøre, men skal «verge legemene og de legemlige ting *mot åpenbar urett* og holde menneskene i tomme for å opprettholde borgerlig *rettferd og fred*» (Augustana art. 28).

Litt lenger nede i same artikkelen kjem det som sidan er blitt den mest kjende og siterte setninga frå KG: *-[H]vor statens makt skiller lag med retten, der blir staten ikke Guds redskap, men en demonisk makt.* (Luk. 4,6 – Johs. 14,30 – Åp. 12-13). *Av alt dette følger den rette lydighet som de kristne skal vise overfor staten, men også grensene for denne lydighet.*

Med tilvising til Rom 13,3 heiter det vidare:

Dersom altså øvrigheten blir til redsel for sjelene når de følger Guds vei, da er den ikke lenger en øvrighet etter Guds vilje, og da er det kirkens plikt for Gud og mennesker å la en slik øvrighet høre sannhetens ord. [...] Derfor er det for kirken i strid med Guds befaling, når det blir hevdet at den verdslige makt skal ha «den høyeste øvrighet og den største rett over hver enkelt borger» (sitert frå Kirkedepartementets krav om dette, i skriv av 17. februar 1942) «på den måte at samvittighetene ikke har adgang til å bedømme lydighetsplikten mot den verdslige øvrighet på Guds ord (se minister Lundes artikkel 16. mars 1942).»²⁹

Vidare: «Vi bekjenner oss til den lydighet som Bibelen krever i alle timelige ting overfor øvrigheten.» Dette er ei *kondisjonal* statsforståing. I art VI (Om statskirken) *erklærer* så kyrkja at «[S]tatskir-

keordningen er utelukkende blitt til fordi staten har sagt at den vil tjene kirkens sak og verne om den kristne tro. Derfor er også de nevnte statsorganer etter Grunnloven forpliktet på Skrift og bekjennelse. [...] Staten kan aldri bli kirke. I sin kirkeadministrasjon må den samvirke med kirkens organer og være tro mot kirkens karakter av bekjennende kirke.»

I alt dette leverte Den norske kyrkja under krigen ein argumentasjon ut frå to-regimentslæra som gjorde krav på å gå like tilbake til reformasjonen, og der ein i tolkinga av Rom 13 ikkje la primær vekt på *lydnaden* mot styresmakta, men på *grensene for denne*, nemleg når makta fjerna seg frå Retten. Med det var det ikkje berre tyske okkupantar og deira norske representantar som vart utfordra, men ikkje mindre mellomkrigstidas tyske lutherdom og ordningsteologi.

I dei første etterkrigsåra vart dette presentert i økumeniske fora som eit viktig bidrag til ei dynamisk, i motsetnad til ei statisk, forståing av Rom 13 og av relasjonen mellom kyrkje og stat. Det var dette Carl Fr. Wisløff sikta til då han etter krigen skreiv: «Kirkens Grunn må ikke få støve ned. Dens bekjennelse om de kristnes forhold til øvrigheten må leve i vår bevissthet med stadig større klarhet».³⁰

Noter

1. Artikkelen er omarbeidd etter eit føredrag for prestar i Møre bispedøme i sept. 2016, i høve reformasjonsjubileet i 2017.
2. Morland, Egil: *Motstand og forkynnelse*, Portal Akademisk Forlag, Kristiansand, 2016, s. 8.
3. Berggrav, Eivind: *Forgieves for fred*, Forlaget Land og Kirke, Oslo, 1960, 13 ff.
4. 25. okt. 1940, i Calmeyergatens Misjonshus, Oslo.
5. Austad, Torleiv, Gudstjenesten i en ideologisk-politisk kontekst, i *Guds rikes skatt* (red.: Morland, Egil, Johnsen, Jens-Petter, Haavik, Åge), Fagbokforlaget, Bergen, 2013, 303-314.
6. Kirkeordinansen av 1537/39.
7. Eit riktig uttrykk for Kongens rolle etter innføringa av eineveldet i Danmark-Norge 1660.
8. Rom 13,4. «For intet» (1930 bokm.). NT 1975/78: «for ingenting» (nyn: «for inkje»). *Eiké* (gr.) kan visa både til grunngeving og formål. Bibel 2011: «utan grunn» følger *Vulgata: non sine causa*, underforstått: – har rett til å bera sverdet.
9. Berggrav låner uttrykket «politikens demon» frå Max Weber, Berggrav, *Staten og mennesket*. Oppgjør og framblikk, Forlaget Land og kyrkje, Oslo 1945, 18.

10. Bakkevig, Trond, *Ordningsteologi og atomvåpen*, Heft. (dr.theol.avh.), Det teologiske menighetsfakultet, Oslo, 1983, 80: «Künneeth kan følgelig heller ikke være med på et skille mellom legitim og illegitim makt, for en slik grenseoppgang er ikke mulig i en verden hvor all makt til syvende og sist er innsatt av Gud.»
11. Hegstad, Harald, «Karl Barth», *Moderne teologi*, (Høyskoleforlaget, 2008), 81.
12. Machiavelli, Niccolo, *Il Principe*, Firenze, 1513.
13. Berggrav, *Staten og mennesket*, 15.
14. Ibid. Sjå særleg kap. V: Historien om staten og Gud. 47 ff.
15. Kjelde: Kirkekampens Sentralarkiv.
16. «Søndag 1. februar skjedde det at statsmakten under protest fra kirkens ansvarshavende tvang domprosten i Trondheim bort fra hans høymesse ...» Dette er det første (av tre) punkt biskopane nemner i brevet av 24. febr. Sjå *Luthersk Kirketidende* 5/1942.
17. Austad, Torleiv, *Kirkelig motstand*, Høyskoleforlaget, Kristiansand, 2005, 129.
18. Her sitert frå Christie, *Den norske kirke i kamp*, 78. «Ytre ting» korresponderer med Kongeloven av 1687 sine formuleringar.
19. Ibid. 131.
20. Den grundigaste dokumentasjonen på at det statlege kyrkjestyret hadde plikt til å spørja biskopane om råd, og dessutan la all tenestemessig kommunikasjon gå via dei, finn vi i dokumentet *Kirkens orden* fra 15. des. 1941. Schübeler, L. *Kirkekampen slik jeg så den*, 73 ff. På bakgrunn av ei i og for seg lita sak om det gudstenestelege orgelspelet, ei sak som ikkje var førelagt biskopane før ho blei sendt til presteskapat, argumenterer biskopane grundig for at departementet ikkje har nokon sjølvstendig kompetanse i kyrkjelege spørsmål. Særleg gjev dei ein kongeleg resolusjon frå 1895 stor betydning. Frå den går det linjer like tilbake til Norske Lov 2-17-17, og framover til den heilt aktuelle saka. Sjå m.a. Austad, *Kirkelig motstand*, 101 ff. «Betenkningen *Kirkens orden* ble således et viktig forarbeid for biskopenes og prestenes embetsnedlegging noen måneder senere.» Ibid. 107.
21. Austad, *Kirkelig motstand*, 82, og Austad, Torleiv, *Kaj Munk sett i lys av den norske kirkekamp*, i Auchet, Marc et al., Akademisk Forlag, København, 1995, 172.
22. Denne oppsummeringa er direkte sitert frå ein artikkel av Torleiv Austad i *Halvårstidsskrift for praktisk teologi* 2/2015: *Henrik Seips forkynnelse under okkupasjonen 1940–1945*. En kommentar til Egil Morlands doktoravhandling
23. Berggrav, Eivind: *Kirkens ordning i Norge*, Oslo 1945, 9-10.
24. Sitert etter Berggrav, «Balansen mellom kirke og stat illustrert ved betydningen av ordinasjon og kollats», 82.
25. Ibid. 83.
26. Ibid. 85.
27. Frede Castberg, *Statsreligion og kirkestyre*, Oslo 1953.
28. Eivind Berggrav, *Contra Castberg*, 5, Oslo 1954.
29. Personleg gjekk Berggrav lenger, og grunn gav at kyrkja hadde ei *ulydighetsplikt* overfor staten.
30. Wisløff, Carl Fredrik, Den lutherske kirke og Rom 13, i *Luthersk Kirketidende*, 15/1950.